



Møteprotokoll

Utval	Plan- og forvaltningsutvalet
Møtestad	Rådhuset
Dato	09.06.2026
Tidspunkt	kl 09:00 - 12:15

Frammøtte	Parti
Jonny Gjerde	AP
Svein Tore Heltne	AP
Britt Dagrunn Brugrand	H
Ann Kristin Sperle	SP
Olav Høyheim Einan	SP

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Arne J Hauge	FrP	Grethe Kristin Leirdal	SP
Sandhya Karlsen Holene	V	Geir Arne Kvam	AP

Andre som møtte:

Ass. kommunedirektør Ole Gunnar Krakhellen, plansjef Knut Vidar Svanheld og kommunedirektør Jon Bolstad.

Fagleiar Åshild Ekrene i sakene 31-35/26 og deler av sak 40/26

Sakshandsamar Kristine Selbervik Lund i sakene 31-35/26 og deler av sak 40/26

Sakshandsamar Anne Sigrid Kvam i sakene 31-35/26 og deler av sak 40/26

Underskrifter:

Grethe Kristin Leirdal

Geir Arne Kvam

Britt Dagrunn Brugrand
Leiar for utvalet

Ole Gunnar Krakhellen
ass. kommunedirektør

Saksliste

Saknr	Sakstittel
31/26	Konstituering av møte
32/26	Orienteringssak: møteprotokoll frå sist møte
33/26	Godkjenning av parsell Høgi-Raudgoteknubben på veganlegget Høgi-Saupsete som bomveg
34/26	Høyring- framlegg til endringar i konsesjonslova
35/26	Søknad om konsesjon ved overtaking av fast eigedom - gbnr. 12/10 og gbnr. 10/3
36/26	Klagehandsaming - Solvorn - oppattbygging av brygge - dispensasjon frå strandsonevernet - gbnr. 176/8
37/26	Detaljregulering for Fortun besøkssenter og sentrumsareal - planid 2024003
38/26	Detaljregulering for Gaupnegrاندane - planid 2021005. Delvis eigengodkjenning
39/26	Reguleringsplan - Gaupne sentrum - planID 2023002. Slutthandsaming
40/26	Orienteringar, drøftingar og open post
41/26	Referatsaker
42/26	Delegerte saker

31/26 Konstituering av møte

Plan- og forvaltningsutvalet 09.06.2026

Handsaming

- Opprop, Arne Hauge og Sandhya Karlsen Holene, vara Grethe Kristin Leirdal og Geir Arne Kvam.
- Godkjenning av innkalling, ingen merknad.
- Godkjenning av sakliste og dagsorden, ingen merknad.
- Grethe Kristin Leirdal og Geir Arne Kvam vart føreslegne til å godkjenne og signere protokoll frå dagens møte. Dei vart samrøystes valde.

PFU - 31/26 vedtak

Grethe Kristin Leirdal og Geir Arne Kvam vert valde til å godkjenne og signere protokoll frå dagens møte.

32/26 Orienteringssak: møteprotokoll frå sist møte

Plan- og forvaltningsutvalet 09.06.2026

Handsaming

Det var ikkje merknad til protokoll frå sist møte.

PFU - 32/26 vedtak

Protokoll frå sist møte, den 12.05.26 vert referert utan merknader.

33/26 Godkjenning av parsell Høgi-Raudgoteknubben på veganlegget Høgi-Saupsete som bomveg

Plan- og forvaltningsutvalet 09.06.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

PFU - 33/26 vedtak

Med heimel i § 56 i Veglova får veglaget Høgi - Saupsete løyve til å kreve inn bompenger for motorisert ferdsel på vegen mellom Høgi og Raudgota (Raudgoteknubben)

Betalinga for å passera bommen skal vera kr. 50,- for dagskort (Bil, UTV, ATV) og kr. 500,- for sesongkort.

Lastebilar skal betale kr 200 og motorsykkkel/moped kr 10

Inntekta skal gå til vedlikehald og utbetring av vegen.

Offentlege tenestepersonar i teneste skal kunne nytta vegen vederlagsfritt.

34/26 Høyring- framlegg til endringar i konsesjonslova

Plan- og forvaltningsutvalet 09.06.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

PFU - 34/26 vedtak

Plan- og forvaltningsutvalet i Luster kommune støttar høyringsframlegg alternativ 2. Det inneber

- Ny § 17 a fyrste og andre ledd i konsesjonslova som mellom anna gjev Landbruksdirektoratet tilgang til opplysningar i folkeregisteret*
- Oppheving av § 9 a andre ledd i konsesjonslova som seier at eigar kan krevje bindande førehandsuttale om høgste akseptable pris på landbrukseigedom, dvs. alternativ 2*
- Mynde til å handsame søknader om konsesjon frå stiftingar vert overført frå kommunane til Statsforvaltaren, og at søknader skal sendast kommunen i staden for til ordføraren*

35/26 Søknad om konsesjon ved overtaking av fast eiendom - gbnr. 12/10 og gbnr. 10/3

Plan- og forvaltningsutvalet 09.06.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

PFU - 35/26 vedtak

1. Med heimel i konsesjonslova § 9 innvilgar Luster kommune konsesjon til Oddvar Røysi for overtaking av gnr. 12 bnr. 10 og gnr. 10 bnr. 3 i Luster kommune.
2. Etter § 11 i konsesjonslova vert det sett følgjande vilkår for konsesjonen:
 - a. Oddvar Røysi skal busetje seg fast på eigedomen innan tre år rekna frå dato for konsesjonsvedtaket
 - b. Oddvar Røysi skal deretter bu fast på konsesjonseigedomen i minst fem (5) år samanhengande
 - c. Oddvar Røysi skal sende årleg tilstands- og driftsrapport til Luster kommune (om framdrift i renovering og drift) innan 31.12.2026, 31.12.2027 og 31.12.2028
 - d. Oddvar Røysi skal melde skriftleg frå til Luster kommune når han har flytta til eigedomen
 - e. Driveplikta skal oppfyllest i samsvar med jordlova § 8

36/26 Klagehandsaming - Solvorn - oppattbygging av brygge - dispensasjon frå strandsonevernet - gbnr. 176/8

Plan- og forvaltningsutvalet 09.06.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

PFU - 36/26 vedtak

Plan- og forvaltningsutvalet tek ikkje klagen frå Statsforvaltaren i Vestland til følgje.

Saka - med tilhøyrande saksdokument - blir oversendt Statsforvaltaren i Vestland som vil sende saka til Digitalisering- og forvaltningsdepartemenet for oppnemning av settestatsforvaltar som tek endeleg avgjerd i saka.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, og forvaltningslova § 33 andre ledd, jf. fjerde ledd.

37/26 Detaljregulering for Fortun besøkssenter og sentrumsareal - planid 2024003

Plan- og forvaltningsutvalet 09.06.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

PFU - 37/26 vedtak

1. Plan- og forvaltningsutvalet vedtek at forslaget til detaljregulering for Fortun besøkssenter og sentrumsareal – planID 2024003, vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 5-2 og § 12-10. Planen vert lagt ut med 2 alternativ.
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere mindre justeringar på plankart og slutføre tekstdokument i tråd med kart og generelle krav før planen vert sendt til høyring og offentleg ettersyn.

38/26 Detaljregulering for Gaupnegrandane - planid 2021005. Delvis eigengodkjenning

Under føresetnad av at Statsforvaltar trekk sine varsla motsegner innan kommunestyrehandsaming 18. juni rår kommunedirektøren til slikt vedtak:

1. Kommunestyret vedtek detaljreguleringsplan Gaupnegrandane planID 2021005 med tilhøyrande reguleringsføresegner datert 29.05.2026 med heimel plan- og bygningsloven § 12-12 vedteken, jf vedlegg 1-4 med unntak av KT1 og KT2 og tilgrensande areal innanfor stipla firkant på vedlegg 0-1.
2. Plan- og forvaltningsutvalet vedtek at arealet som no ikkje vert vedteke vert lagt ut til nytt offentleg ettersyn der bruken av næringsareal og datasenter vert presisert og tydeleggjort betre i plan.

Plan- og forvaltningsutvalet 09.06.2026

Handsaming

Utvalet støttar at kommunedirektøren har fullmakt til å ferdigstille saksdokumenta til høyring innan 1. juli med basis i dette.

Svein Tore Heltne sette på vegne av AP fram framlegg om at alternativ 2 vert valt for SB5, for å gje betre plass til småbåthamn.

AP og H stemde for AP sitt framlegg, SP stemde for kommunedirektøren si tilråding om val av alternativ 1 for SB5.

PFU - 38/26 vedtak

1. Kommunestyret vedtek detaljreguleringsplan Gaupnegrandane planID 2021005 med tilhøyrande reguleringsføresegner datert 29.05.2026 med heimel plan- og bygningsloven § 12-12 vedteken, jf vedlegg 1-4 med unntak av KT1 og KT2 og tilgrensande areal innanfor stipla firkant på vedlegg 0-1.

2. Alternativ 2 vert valt for SB5.

3. Plan- og forvaltningsutvalet vedtek at arealet som no ikkje vert vedteke vert lagt ut til nytt offentleg ettersyn der bruken av næringsareal og datasenter vert presisert og tydeleggjort betre i plan.

39/26 Reguleringsplan - Gaupne sentrum - planID 2023002. Slutthandsaming

Plan- og forvaltningsutvalet 09.06.2026

Handsaming

Administrasjonen orienterte om prosessen og kva som vert gjort framover. Det kan verte lagt fram justeringar til slutthandsaming i kommunestyret dersom partane er samde om det.

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

PFU - 39/26 vedtak

1. I medhald av § 12- 12 1. ledd i plan- og bygningslova, eigengodkjenner Luster kommune detaljreguleringsplan for Gaupne sentrum, planID 2023002.
2. Kommunestyret vedtek at føremålet GAA skal inngå i planen.

40/26 Orienteringar, drøftingar og open post

Plan- og forvaltningsutvalet 09.06.2026

Handsaming

Orienteringar:

SMIL-midlar:

Utvalsmedlemmane Leirdal og Høyheim Einan forlet møtet som ugilde etter fvl. §6 Ass. kommunedirektør og plansjef deltok ikkje på denne orienteringa på grunn av at dei var ugilde etter forvaltningslova §6.

Administrasjon la fram førebels framlegg til fordeling av SMIL- midlane 2026 og prinsippa som ligg til grunn for handsaminga. Administrasjon fekk fullmakt til å gjere de siste vurderingane og endeleg vedtak.

Reguleringsplan Salen

Kjem til slutthandsaming i PFU-møte i september

Skjønssak Skjolden

Det er konkludert i tingretten

Områdeplan Hafslo

Planen vert lagt ut på høyring denne veka.

Drøftingssaker

Sikringsbu Åsete

PFU meiner at det er naturleg at målsetjingane i TEK17 vert prøvd opp mot målsetjingane om å ivareta kulturminne. Naturfareavklaringar i fjellet vil vere så fordyrande at det vil setje gjennomføring av restaurering av kulturminne i fare, samstundes som bruken av bygningane vil vere så låge at reell naturfare er svært avgrensa ut frå bruksdøgn.

Eidsbakkane

Administrasjonen informerte om motteken plan, der intensjonen i planen er god. Det er likevel behov for forbetringar i dokumenta, og det har vore nokon utfordringar knytt til dialog og framdrift. PFU understreka at dei er opptekne av å få planen til handsaming, slik at ein kan starte realitetsbehandling.

Open post:

Spørsmål om veg til gardstun i Engjadalen. Saka vert klagehandsama, og eventuell rettleiing om framgangsmåte gjeve.

PFU - 40/26 vedtak

Orienteringar og drøftingar vert tekne til vitande og blir fulgt opp.

41/26 Referatsaker

Plan- og forvaltningsutvalet 09.06.2026

Handsaming

Det var ikkje framlagde referatsaker.

42/26 Delegerte saker

Plan- og forvaltningsutvalet 09.06.2026

Handsaming

Det var ikkje merknad/spørsmål til delegerte saker.

PFU - 42/26 vedtak

Delegerte saker vert tekne til orientering.